



Statens vegvesen - region vest

Dato: 13.10.2015
Vår ref.: 2015/10415-1
Saksbehandlar: oleharl
Dykkar ref.:

Nytt knutepunkt Voss – kostnadsdeling

Det skal etablerast eit nytt knutepunkt på Voss. Prosjektet inneheld ny bussterminal med drosje- og sykkelparkering. Dagens terminal har kapasitetsproblem, og er heller ikkje universelt utforma. Hordaland fylkeskommune er tiltakshavar for prosjektet.

Då tiltaket ligg til riksveg, er det lagt opp til kostnadsdeling 50/50 mellom Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen. Kostnadene for ny bussterminal med tilkomst, drosje- og sykkelparkering vert rekna til 43,5 mill. kr, som skal delast likt mellom stat og fylkeskommune. I tillegg kjem eit fylkeskommunalt bidrag til nytt terminalbygg, der ROM Eiendom er tiltakshavar.

Hordaland fylkeskommune ber om tilbakemelding frå Statens vegvesen for når det statlege bidraget til knutepunktet på Voss kan liggje føre. Fylkesrådmannen vil leggje delen til fylkeskommunen inn i budsjettforslaget for 2016.

Voss stasjon er eit viktig regionalt knutepunkt. Dagens kapasitet ved bussterminalen er fullt utnytta og Jernbaneverket og ROM Eiendom er i gang med opprusting av jernbanedelen av prosjektet. Difor vil det i praksis spela ei stor rolle at arbeidet ikkje stoppar opp i påvente av det økonomiske bidraget til knutepunkt Voss frå staten.

Håkon Rasmussen
Fylkesdirektør samferdsel

John Martin Jacobsen
leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Voss kommune